Innst. S. nr. 16

(1999-2000)

Innstilling fra kommunalkomiteen om samtykke til godkjenning av EØS-komiteen sitt vedtak nr. 70/1999 av 2. juni 1999 om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om EFTA-statane si deltaking i verksemda til EU med omsyn til analyse, forsking og samarbeid på sysselsetjings- og arbeidsmarknadsområdet (1998-2000)

St.prp. nr. 95 (1998-1999)

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Bakgrunn

I proposisjonen viser Utanriksdepartementet til at EØS-komiteen sitt vedtak nr. 70/1999 av 2. juni 1998 gjeld innlemming i EØS-avtala av verksemda til EU med omsyn til analyse, forsking og samarbeid på sysselsetjings- og arbeidsmarknadsområdet (1998-2000). Programmet vart skipa ved avgjerd i Rådet 23. februar 1998 (rådsvedtak nr. 98/171/EF). EØS-komiteen sitt vedtak og rådsvedtaket følgjer som trykte vedlegg i norsk versjon til proposisjonen.

1.2 Nærare om programmet

Verksemda til EU med omsyn til analyse, forsking og samarbeid på sysselsetjings- og arbeidsmarknadsområdet skal medverke til å byggje opp under sysselsetjingsstrategien til EU. I rådsvedtaket om verksemda heiter det i art. 5 at ho er open for deltaking for EFTA/EØS-landa og dei nye søkjarlanda. Informasjonen som vert generert gjennom verksemda skal mellom anna evaluere sysselsetjings- og arbeidsmarknadspolitikken for å gje innspel til diskusjonen om sysselsetjingspolitikken blant deltakarlanda og Kommisjonen.

Under den første aktiviteten, overvaking og analyse av arbeidsmarknaden og sysselsetjingspolitikken, vil ein utvikle samanliknbar statistikk og indikatorar for arbeidsmarknaden. Vidare vil ein gjennomføre studiar på område som har tilknyting til arbeidsmarknadspolitikken for å få kunnskap om kva for faktorar som verkar inn på tilbod og etterspørsel av arbeidskraft, studiar relatert til sysselsetjingspolitikken, og dessutan effektstudiar for å få betre kunnskap om verknader av politikken innan sysselsetjingsområdet.

Under identifikasjon og overføring av beste praksis skal ein styrkje arbeidet for å synleggjere gode døme på arbeidsmarknadspolitikkområdet og korleis desse kan gjennomførast for å nå måla for arbeidsmarknadspolitikken. Innanfor denne aktiviteten vil ein sjå spesielt på røynsler med arbeidsmarknadstiltak innanfor miljøvernsektoren og kultursektoren, og korleis røynslene kan overførast til andre land. Det skal skipast til samarbeid med ILO og OECD for å styrkje feltet og unngå dobbeltarbeid.

Den siste aktiviteten, spreiing av kunnskap, omfattar finansiering av nasjonale og internasjonale seminarar, og av publikasjonar for å spreie resultata av dei aktivitetane som vert finansierte under programmet.

Det er skipa ein rådgjevande programkomité under leiing av Kommisjonen, som handsamar dei årlege aktivitetane under programmet.

1.3 Økonomiske og administrative konsekvensar

EØS-komiteen sitt vedtak vil medføre ei plikt for EFTA-landa til å delta i finansieringa av programmet. Av den finansielle ramme på 8,55 mill. euro for perioden 1998-2000 vil EFTA-landa sin del utgjere 167 580 euro. For Noreg vil deltaking i verksemda innebere ein total kostnad på om lag 1,4 mill. NOK, av dette om lag 80 000 NOK for 1999. Det vert teke atterhald om at kostnadene kan variere frå år til år ut frå den ramma som EU-parlamentet årleg stiller til disposisjon, og i høve til den aktiviteten som vert sett i gang.

Deltakinga i verksemda vil innebere halvårleg møtedeltaking i programkomiteen. Ein vil oppmode norske forskingsmiljø til å delta i anbod om utlyste forskings- og utgreiingsoppdrag.

Deltakinga i verksemda får ikkje nemnande administrative konsekvensar.

1.4 Konklusjon og tilråding

Arbeids- og administrasjonsdepartementet meiner at verksemda til EU med omsyn til analyse, forsking og samarbeid på sysselsetjings- og arbeidsmarknadsområdet kan gje viktige bidrag til forskinga om sysselsetjing og arbeidsløyse, og samanheng mellom arbeidsmarknaden og andre politikkområde. Delar av dette vil dessutan vere samanliknande forsking mellom land som kan gje oss utvida perspektiv i høve til forsking og analyse der ein berre ser på norske tilhøve. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, lederen Sylvia Brustad, Odd Eriksen, Aud Gaundal, Leif Lund og Signe Øye, fra Fremskrittspartiet, Torbjørn Andersen og Lodve Solholm, fra Kristelig Folkeparti, Olaf Gjedrem og Ivar Østberg, fra Høyre, Sverre J. Hoddevik og Erna Solberg, fra Senterpartiet, Inga Kvalbukt, og fra Sosialistisk Venstreparti, Karin Andersen, tar til etterretning redegjørelsen i proposisjonen. Komiteen viser til utenriksministerens svarbrev av 25. oktober 1999 vedrørende spørsmål fra stortingsrepresentant Karin Andersen. Brevet er inntatt som vedlegg til innstillingen.

3. Utenrikskomiteens merknader

Komiteens utkast til innstilling ble 29. oktober 1999 oversendt utenrikskomiteen til uttalelse. Utenrikskomiteen uttaler følgende i brev av 3. november 1999:

> "Under henvisning til kommunalkomiteens brev av 29. oktober 1999 meddeles herved at utenrikskomiteen ikke har merknader til nevnte utkast til innstilling."

4. Komiteens tilråding

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

Stortinget samtykker til godkjenning av EØS-komiteen sitt vedtak nr. 70/1999 av 2. juni 1999 om endring av protokoll 31 i EØS-avtala om EFTA-statane si deltaking i verksemda til EU med omsyn til analyse, forsking og samarbeid på sysselsetjings- og arbeidsmarknadsområdet (1998-2000).

Oslo, i kommunalkomiteen, den 4. november 1999

Sylvia Brustad	**Karin Andersen**	**Erna Solberg**
leder	*ordfører*	sekretær

Vedlegg

Brev fra Utenriksdepartementet v/utenriksministeren til stortingsrepresentant Karin Andersen, datert 25. oktober 1999

Jeg viser til ditt brev av 18. oktober 1999 der du stiller to spørsmål. Det ene gjelder på hvilken måte det kan gripe inn i norsk arbeidsmarkedspolitikk at Kommisjonen "bør gjevast den makta som er naudsynt for å gjennomføre denne politikken". Det andre gjelder forståelsen av begrepet "beste praksis", og om det i dette begrepet ligger politiske føringer eller vedtak som legger et politisk innhold som for eksempel full sysselsetting eller lavest mulig arbeidsløshet inn i begrepet.

Arbeidsmarkedspolitikken er ikke omfattet av EØS-avtalen, med unntak av deltakelsen i det europeiske formidlingssamarbeidet, EURES, og regelverk vedrørende ulike trygdeordninger, herunder arbeidsledighetstrygd. Ut over dette har EUs arbeidsmarkedspolitikk ingen direkte betydning for norsk arbeidsmarkedspolitikk.

Det aktuelle programmet som er omtalt i St.prp. nr. 95 (1998-99), er en del av Kommisjonens arbeid med oppfølgingen av EUs økte fokus på sysselsettingsspørsmål. Programmet i seg selv gir ikke Kommisjonen muligheten til å gripe inn i arbeidsmarkedspolitikken til de land som deltar, heller ikke i EU-landene. Formålet med programmet er en faglig kunnskapsoppbygging og -spredning som indirekte vil gi informasjon om arbeidsmarkedsutviklingen og arbeidsmarkedspolitikken i medlemslandene til bl.a. Kommisjonen. Denne kunnskapen brukes sammen med annen kunnskap når Kommisjonen utarbeider sine årlige sysselsettingsrapporter.

Kommisjonen utarbeider ingen rapport om norsk sysselsettingspolitikk, da det er medlemsstatene Kommisjonen bruker sine ressurser i forhold til. Det Norge primært kan oppnå ved deltakelse i programmet, er å få kunnskap om EU-landenes erfaringer vedrørende ulike sysselsettingstiltak og -program lovgivning m.v.

Begrepet "beste praksis" brukes om det eller de land som kan vise til den beste utviklingen på et felt der EU har politisk fokus. Det kan f.eks. være det land som har lavest arbeidsledighet for en gruppe, eller det land som har hatt en særlig sterk reduksjon i arbeidsledigheten for en gruppe eller på et område. Ungdomsledighet, livslang læring, arbeidsmarkedsetatens arbeid, etablererordninger og samarbeid med arbeidslivets parter er eksempler på temaer det har vært fokusert på under den delen av programmet som omhandler spredning av "beste praksis". "Beste praksis" brukes ikke nødvendigvis for å beskrive situasjonen på et område i absolutt forstand. De fleste land vil kunne få muligheten til å orientere Kommisjonen og andre land om et felt hvor det synes det har lyktes godt.

EU har fastlagt målsettinger både i forhold til økonomisk politikk og innenfor sysselsettingsfeltet. Overordnede mål er "en høy og vedvarende vekst og sysselsetting". EU-kommisjonen fremhever i ulike sammenhenger ambisjonen om å komme opp på en sysselsettingsrate på linje med EUs viktigste handelspartnere. Dette har vært tallfestet til en sysselsettingsrate på ca. 70 pst. i gjennomsnitt i EU.

De fleste målsettingene er av kvalitativ karakter. Det er imidlertid knyttet konkrete målsettinger til hvor lenge en bør tillate personer å gå arbeidsledig før de bør tilbys aktive tiltak. Det nyttes mange indikatorer for utviklingen på arbeidsmarkedet samt politikkindikatorer for å følge opp de fastsatte målsettingene. Sentrale arbeidsmarkedsindikatorer er gjengitt i tabell 9.13 side 127 i St.prp. nr. 1 Arbeids- og administrasjonsdepartementet.

Full sysselsetting eller lavest mulig arbeidsledighet kan ikke anses å være omfattet av begrepet "beste praksis". Ulike tiltak som kan ha bidratt til at et land kan ha oppnådd en gunstig arbeidsmarkedssituasjon, vil imidlertid komme inn under begrepet.